

KREATIV SKRIVING

er ein skrivemåte elevane
kan lære seg. **S. 4**

TVERRFAGLEG SKRIVING kan

fungere som ein dørøpna til
fagskriving. **S. 8**

SKRIFTSPRÅKSTIMULERING i

barnehagen handlar om å la borna
møte eit rikt språkmiljø. **S. 10**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 31 | VINTEREN 2018–2019 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Nytt norskfag på veg

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

FØRSTEUTKASTA til nye læreplanar i dei sentrale skulefaga er klare. Planane vart sende ut i oktober, med høyringsfrist midt i november. Reviderte utkast skal ut til ny høyring 1. mars. Tidleg hausten 2019 er alt bestemt, og dei nye planane skal gjelde frå og med skuleåret 2020/21.

Vi vurderer framlegget til ny norskplan som eit godt utgangspunkt. Både i den generelle innleiinga og i listene med kompetansemål for kvart klassetrinn finst mange formuleringar som kan ligge til grunn for god nynorskopplæring i morgondagens skule, både for hovudmåls- og sidemålselevane.

I dette utkastet er mellom anna desse viktige momenta med: Alle elevar skal lese tekstar på bokmål og nynorsk heilt frå dei første klassetrinna. Frå mellomtrinnet skal alle skrive på

begge språka. Verdien av språkleg mangfald er omtala mange stader, både i sjølve planen og i den nye generelle delen av læreplanen. Komparativ tilnærming i språkopplæringa er også framheva.

Det er også moment som manglar, og formuleringar som bør endrast. Særleg viktig for oss er å sikre tidleg skriftleg sidemålstart og jamn progresjon i sidemålsoplæringa på alle klassetrinn. Asymmetrien mellom dei to språkformene må også tematiserast. Nynorsk er mykje mindre brukt enn bokmål i dei språklege omgivnadane til elevar over heile landet. Det gir særlege utfordringar for nynorskopplæringa, både for hovudmåls- og sidemålselevane.

Nokre av desse temaa står det meir om i dette nummeret av bladet.

Nynorsksenteret har som ein del av oppdraget å «være rådgiver for nasjonale utdanningsmyndigheter innenfor nynorsk». Det betyr mellom anna å halde tett kontakt med direktorat og departement og å levere høyringsuttalar. Saman med Skrivesenteret, Lesesenteret og NAFO er vi no også med i ei eiga referansegruppe for Utdanningsdirektoratet. Gruppa skal gi innspel til førsteutkastet til norskplanen.

Mange meiner mykje og sterkt om kva som bør vere innhaldet i morgondagens norskfag. Om vi får større gjennomslag enn andre som leverer innspel, er uråd å vite. Vi prøver i alle fall å seie tydeleg ifrå om det som er viktig for vårt fagområde.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 31, 12. årgangen

BLADSTYRAR: Hjalmar Eiksund

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Regine Toften Holst

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Nynorsksenteret har laga nettressursar for lærarar som vil ta i bruk den nynorske nettavisa *Framtida junior* i barneskulen.

Arbeid med nettavis

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**



<https://nynorsksenteret.no/framtidajunior>

Å **BRUKE NETTAVIS** i undervisinga går naturleg inn i fleire fag, både norsk, samfunnsfag og naturfag. I Kunnskapsløftet les vi at elevane skal få trening i kritisk og variert kjeldebruk og kunne trekkje grunngjevne konklusjonar med aukande bruk av fagomgrep og stigande refleksjon omkring temaa.

Framtidajunior.no er ei nynorsk nettavis for born i alderen 9–13 år. Her finn du dagsaktuelle nyhendesaker tilpassa målgruppa, interessante kultursaker, bokmeldingar, kvissar og mykje

meir. Det er også høve til å sende inn eigne bokmeldingar, meiningar eller andre tekstar til avisa.

Å lese og reflektere rundt dei samansette tekstane i nettavisa er viktig i seg sjølv. I tillegg ønskjer vi å løfte fram *Framtidajunior.no* som eit utgangspunkt for skriveaktivitetar, både for elevar med nynorsk og elevar med bokmål som hovudmål. I tillegg til at Framtida junior er ei gratisavis på nett, er det mogleg å abonnere på avisa i papirformat og få henne i posten kvar fjortande dag. ■

Innhold

Nytt norskfag på veg av Torgeir Dimmen	S. 2
Arbeid med nettavis av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 3
Kreativ skrivning av Reidun Kydland	S. 4
Å argumentera for ein hund av Arild Torvund Olsen	S. 6
Sidemål i Språkløyper av Reidun Kydland	S. 7
Tverrfagleg fagskriving på nynorsk av Hjalmar Eiksund	S. 8
Kultur for skrift i barnehagen av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 10
Nynorsk digital oppvekst av Hjalmar Eiksund	S. 12
Boktips	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

Ein del elevar treng litt hjelp til å komme i gang med å skrive kreativt. Då kan det vere lurt at elevane skriv ofte og kort, og får prøve seg på litt artige oppgåver.

Kreativ skrivning

TEKST: **Reidun Kydland** FOTO: **Kib & Morits**



HEILT FRÅ FØRSTE KLASSE skal elevane kunne skrive enkle forteljande og beskrivande tekstar, og den kreative skrivninga har feste i kompetansemåla i læreplanane både for ungdomsskolen og vidaregåande. Omgrepet kreativ skrivning har erstatta dei tidlegare sjangerbestemte oppgåvene som essay, novelle og kåseri. Ein kreativ tekst er altså ikkje ein teksttype eller sjanger, men ein skrivemåte og eit samleomgrep som femner om både forteljande, reflekterande og underhaldande tekstar. Den som skriv, skal vise kreativitet og originalitet, både når det gjeld innhald og form. Når elevane skriv slike tekstar, skal dei også vise fram den norskfaglege kompetansen dei har.

Kreativ skrivning kan lærast

Dei fleste elevar kan skrive kreative tekstar, og kreativ skrivning kan lærast. Dess meir ein øver, dess flinkare blir ein. Kreativ skrivning kan gjere at elevane må leite etter nyansar i sitt eige språk, og på den måten bli meir språkmedvitne. For nokre elevar kan det vere lettare å sleppe skrivninga laus med ei kreativ oppgåve. Den kreative skrivninga bør også ha eit bestemt formål og ein mottakar.

La gjerne elevane skrive saman i ein felles tekst. Datateknologien gjer det enkelt å dele dokument og skrive i same teksten samtidig. Elevane hjelper kvarandre med idéar og tekstskaping, og planlegg meir enn når dei skriv aleine. På denne måten kan elevane utforske språk, tekstbinding og struktur saman, og dei må forhandle om innhald og form.

Rundskrivning eller rekkeskriving vil seie at elevar skriv i den same teksten etter tur. Tre elevar sit rundt det same bordet og startar på kvar sin kreative tekst. Når det har gått to–tre minutt og elevane har skrive to setningar kvar, sender ein teksten vidare til neste elev. Når dei så har skrive nokre setningar til, er det nestemann sin tur.

På Nynorsksenteret sine heimesider finn dokker ein nylaga ressurs om kreativ skrivning der vi har samla nokre enkle oppgåver ein kan prøve ut saman med elevar. Her er tips til ulike måtar å starte ein skriveprosess. Dette kan fungere godt i starten når ein skal lære seg nynorsk som sidemål. For hovudmålselevar og meir røynde sidemålsskrivarar kan dette vere oppgåver ein kan ta fram og bruke innimellom.

Eit par oppgåver

Oppgåva der elevane skal skrive språkbiografien sin, har vore veldig vellykka på ulike klassesteg. Oppgåva har vore prøvd ut i fleire klassar på ungdomstrinn og i vidaregåande i Vågan kommune i Lofoten, og lærarane rapporterer om stort engasjement og mykje diskusjon omkring spørsmål som: Kva dialekt snakkar du? Korleis snakkar foreldra og besteforeldra dine? Når skriv du dialekt og bokmål, og når skriv du nynorsk? Fleirspråklege elevar opplever at deira språklege bakgrunn er interessant for dei andre i klassen.

Enkel tekstredigering er ei oppgåve som er overkommeleg for dei fleste elevar. Ein tar utgangspunkt i ein liten tekst og gjer endringar i denne etter bestemte instruksjonar, som til dømes å byte ut enkeltord i ei setning. Utan at elevane må skrive veldig mykje, kan ein sjå korleis ein tekst kan endre karakter. Skrivebestillinga til elevane kan vere å gjere teksten meir skummel, actionfylt eller meir romantisk. Blir tekstane betre av desse endringane? Ei slik skriveøving kan vere med på å auke det språklege medvitet hos elevane, og ei øving i å sjå sin eigen tekst med eit lesarblikk. Mange elevar er ikkje så ivrige etter å revidere eigen tekst når dei har skrive, men her kan dei oppleve at ein tekst endrar seg mykje med enkle grep. ■

– Dei fleste elevar kan skrive kreative tekstar, og kreativ skrivning kan lærast.

*Oppgåvene ligg på
nynorsksenteret.no/kreativ*

Mange born drøymmer om ein hund. I eit nytt undervisningsopplegg på nettsida til Nynorsksenteret nyttar me val av hunderase som utgangspunkt for å læra om argumenterande skrivning.

Å argumentera for ein hund

TEKST: **Arild Torvund Olsen** FOTO: **Angelbattle bros** (CC BY-ND 2.0)



DET ER ALLTID meir inspirerende å argumentera for noko ein er interessert i, og mange born er glade i hundar. Ved å la borna setja seg inn i fakta om ulike hunderasar og nytta det som grunnlag for å argumentera for kva hunderase som passar best for dei, får borna utforska argumenterande skrivning innanfor eit tema som er mindre skummelt og framandt enn til dømes kommunesamanslåing.

Modelltekstar og skriveramme

I opplegget legg me opp til at elevane skal få sjå ulike modelltekstar for å læra korleis ein faktatekst om hundar kan sjå ut. Deretter kan læraren gå gjennom kriterium for teksten: Kva må med i ein slik tekst? Kva er føremålet med teksten? Til sist er det tid for å skriva eigne tekstar. Opplegget inneheld både modelltekstar, tips til faktakjelder, ark med oppstilling av kriterium og ei skriveramme som elevane kan nytta.

Målet for undervisningsopplegget er at elevane i barneskulen skal læra å skriva ein argumenterande tekst, og at dei skal nytta digital kompetanse for å setja opp teksten med skrift, bilete og faktaboks. Opplegget er ei nynorsk utgåve av eit opplegg som fyrst vart utvikla av Skrivesenteret. ■

*Opplegget ligg ute på sida
nynorsksenteret.no/hunderase*

Språkløyper er ein nasjonal strategi der målet er å betre skoleelevars kompetanse i språk, lesing og skriving. Strategien skal gå føre seg i perioden 2016 til og med 2019, og Kunnskapsdepartementet står bak satsinga.

Sidemål i Språkløyper

TEKST: **Reidun Kydland** FOTO: **Kib & Morits**

EIT AV VERKEMIDLA i Språkløyper er å utvikle gratis, nettbaserte ressursar. Målgruppa er lærarar og barnehagelærarar. Kurspakkene er meinte for kompetanseheving lokalt i ein barnehage, på ein skole eller i ein kommune, og handlar om både grunnleggande ferdigheiter og meir faglege emne. Kvar pakke består av fire til ti tøkter, kvar av dei er på 40–70 minutt.

Nynorsksenteret har laga tre pakker om nynorsk som sidemål, både for mellomtrinnet, ungdomstrinnet og for vidaregåande skole. Her kan dokker sjå aktuelle filmar, diskutere og reflektere over eigen praksis og prøve ut nye ting i klasserommet. Ved å bruke varierte metodar kan ein få til ei god sidemålsopplæring og ei auka forståing for språkleg mangfald. ■



5.–7. KLASSE: sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=19582

UNGDOMSTRINNET: sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=21933

VIDAREGÅANDE: sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=22621

Pernille Fiskerstrand er førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda. Fram til 2017 var ho ein av to stipendiatar med finansiering frå Nynorsksenteret. Prosjektet hennar var knytt til fagskriving med nynorsk som opplæringsmål.

Tverrfagleg fagskriving på nynorsk

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Line Kihsgaard Sjøhelle**



PERNILLE FISKERSTRAND har studert tverrfagleg skriving for yrkesfagelevar på VG2. Utgangspunktet var å undersøkje om tverrfagleg skriving kan fungere som verktøy for å nå målet om fagspesifikk skriving i alle skulefag. Hovudkonklusjonen hennar er at tverrfagleg skriving nettopp kan fungere som ein slik døropnar til fagskriving. Men dette krev samkøyrde lærarar som kan formidle det særeigne med skriving i eige fag og samstundes sjå kva som er felles mellom dei involverte faga.

Fagspråk og framandspråk

Å lære å skrive ein fagtekst kan samanliknast med å lære seg å skrive på eit framandspråk. Kvart fag har sine eigne skrivetradisjonar og eigne skriftlege ideal. Dei har også eigne faguttrykk og forståingsmåtar, noko som forklarar kvifor læreplanen løfter fram faglæraren som skriveleiar for sitt eige fag. Når norsklæraren samarbeider med andre faglærarar om tverrfaglege prosjekt, opplever mange at norsklæraren blir den som ser nærmare på tekstoppbygging, rettskriving og formverk, medan faglæraren får ansvaret for det faglege innhaldet.

Som faglærar er ein van med å jobbe fagleg. Faglærarar kan miste sjølvtiliten på språkrettleiing i møte med sjølvsikre norsklærarar, og

på den andre sida kan norsklæraren få kjensla av å kome til kort i faglege spørsmål. Det ligg ein fare i at både faglærar og norsklærar blir veldig smale i kva dei ser etter i fellesprosjekt. Då blir gjerne rettleiinga frå dei ulike lærarane også smal, trass i at oppgåvene er både breie og tverrfaglege.

Felles ansvar for skrivinga i fellesprosjekt

Ansaret for denne polariseringa ligg ikkje til den eine eller andre læraren.

– Tverrfaglege skriveprosjekt rommar langt meir enn at to lærarar vurderer ein tekst i to ulike fag, forklarar Fiskerstrand. Målet med tverrfaglege arbeidsoppgåver må vere at elevane skal få ei djupare forståing for faget og samstundes få kjennskap til korleis ein uttrykkjer seg fagrelevant innanfor den fagspesifikke kulturen. Skal ein lykkast, må både faglærar og norsk-lærar inn som skrivelærar, hevdar Fiskerstrand. Dette krev at lærarane utviklar ei felles forståing av kva som er ein god tekst, korleis tekstane skal vurderast, og kva som er ein god og fagleg skriveprosess. Det må vere OK for både faglærar og norsklærar å seie ifrå når ein er usikker – faglæraren i norskfaglege emne og norsklæraren i faglege skrivetradisjonar. Det ligg mykje taus kunnskap hos faglærarane i tekstrettleiing. Dermed blir tverrfagleg skriving også ein kime til kollegarettleiing.

Dette samarbeidet har ein ekstra dimensjon når nynorsk er opplæringsmålforma, noko ein som både faglærar og norsklærar bør vere merksam på. Ifølgje Fiskerstrand er fagskriving noko kvalitativt anna for nynorskelevane enn for bokmåselevane, og ho forklarar dette gjennom å peike på at tilgangen på tekstlege føredøme er langt større på bokmål enn på nynorsk. Nynorsk-elevane må dermed vere språkleg medvitne på ein

annan måte enn bokmåselevane, sidan mange av fagorda som dei møter i kjelder, ikkje kan nyttast i tekstane dei skriv. Dei må få hjelp til å forstå at fagstoffet kan uttrykkast med ulike fagomgrep, avhengig av målforma teksten er skriven på.

Kognitiv styrketrening

Skilnaden mellom korleis ein uttrykkjer seg på dei to målformene, kan brukast som ein ressurs. Ifølgje Fiskerstrand kan det å lese kjelder på side-mål vere ein fordel. Når elevane skal formulere seg på nynorsk, samstundes som fleirtalet av kjeldene er på bokmål, må dei aktivt leite etter fagomgrep og formuleringar som skil seg frå kjeldematerialet. Dette er ein tyngre arbeidsprosess, fordi dei då må arbeide med omgrepsforståing samstundes som dei har eit metaspråkleg fokus. Fiskerstrand omtalar dette som «kognitiv styrketrening», sidan elevane blir klar over at ein får trening i å formulere seg på bokmål og nynorsk, samstundes som at dei lærer at måten ein formulerer seg på, er vesentleg for korleis lesaren oppfattar budskapet i teksten. Ein klassisk vinn-vinn-situasjon.

Dette er ikkje berre ein fordel som ressurssterke elevar kan dra nytte av. Ifølgje Fiskerstrand har alle elevar godt av ei slik metaspråkleg trening. Elevar som elles har faglege utfordringar, vil ha spesielt god nytte av å måtte reformulere og i tillegg skaffe seg eit språk om språket.

Skal elevane dra nytte av dette, krev det likevel lærarar som tar jobben med språkvalitet på alvor, og særleg i andre fag enn norsk. Det å skulle skrive ein argumenterande artikkel i samfunnsfag, men samstundes få beskjed om at språket ikkje blir retta, har derimot lite for seg. Då misser eleven ein gyllen sjanse til å doble læringsutbyttet, og både fag og skriftspråk blir skadelidande. ■

Konkrete tips for skriving av tverrfaglege tekstar

1. Snakk om språk

Ta gjerne opp i klassa kva som er godt språk i denne typen tekstar, og bygg ein ordbank om temaet på førehand. Gjer alle merksame på omgrep som betyr det same, men som er ulike på bokmål og nynorsk (døme: styresmakt og myndighet).

2. Modeller skriving

Lærarar må dekonstruere tekstar saman med elevane slik at elevane får sjå korleis ein fagperson tenkjer når han eller ho skriv i faget.

3. Skriv i prosess

Bruk tid i klasserommet på undervegs-vurdering. Dersom eleven berre limer inn tekst frå Wikipedia, hjelper det ikkje at du set ein dårleg karakter. Då må du vise eleven kvifor dette ikkje er bra – verken fagleg eller språkleg – og hjelpe eleven vidare. Dette er den einaste måten elevane kan få arbeid med forståinga si – både av tekst og innhald og samanhangen mellom dei.

Korleis kan dei vaksne i barnehagen leggje til rette for skriftspråkstimulering på barnehagen sine premissar?

Kultur for skrift i barnehagen

TEKST: *Anne Marta Vinsrygg Vadstein* FOTO: *Kib & Morits*



Små born tileignar seg kompetanse om kva skrift er og kan brukast til, gjennom å delta i hendingar som inneheld tekstar i ei eller anna form.

SMÅ BORN TILEIGNAR seg kompetanse om kva skrift er og kan brukast til, gjennom å delta i hendingar som inneheld tekstar i ei eller anna form. Rammeplanen frå 2017 legg større vekt på skriftspråkstimulering enn tidlegare planar, men tematiserer ikkje kva for ei målform borna skal møte i barnehagen. Dette er bakgrunnen for masteroppgåva mi, der eg hausten 2017 observerte og intervjuar tilsette i fem barnehagar i nynorsk-område på Nordvestlandet.

Barnehagen står i ein tradisjon der mange pedagogar vegrar seg for å leggje for stor vekt på bokstavar og opplæring. Dei ser på skriving som noko som høyrer skulen til, noko også denne studien viser. Korleis kan ein drive skriftspråkstimulering som samsvarer med barnehagen sin tradisjon og didaktiske overtyding? Vi veit at tale- og skriftspråket vert utvikla gradvis og i gjensidig samspel, og at det skjer gjennom varierte hendingar som høgtlesing, song, rim og regler, teikning og oppdagande skriving og skrift i det fysiske miljøet. Det handlar altså om mykje meir enn det å lære å skrive.

Eg vil no teikne to bilete som skildrar kor ulik praksisen i to barnehagar kan vere, trass i at begge har pedagogar med nokså lik bakgrunn, om lag same avstand til kommunesenteret og er i område med nynorsk hovudmål i grunnskulen:

1) «ALVA» (5) går siste året i barnehagen. I barnehagen hennar er bøkene plasserte i hyller på kontoret attmed allrommet, eit rom som ofte blir brukt av dei vaksne, men som ikkje er tilgjengeleg for borna. Høgtlesing skjer tidleg om morgonen eller seint om ettermiddagen, men Alva er ikkje blant dei som kjem tidleg, så ho er ikkje med på høgtlesing i barnehagen så ofte. Barnehagen besøkjer biblioteket mindre enn ein gong årleg. Pedagogen syng åtte songar i samlingsstunda eg observerte, men repeterer ingen av dei, og tempoet er så høgt at ingen av borna syng med. Alle songane er på ei blanding av dialekt og bokmål. Rim og regler er fråverande, og det er heller ikkje noko skrift på veggane, som dokumentasjonsplakatar eller liknande.

2) «PER» (4,5 ÅR) si barnehagegruppe besøkjer biblioteket ein gong i månaden og låner med bøker tilbake. Det er også mogleg for foreldre å låne med seg bøker heim frå miniutlånshylla i garderoben. Pedagogen legg vekt på at det skal vere høgtlesing for Per og dei andre borna minst ein gong dagleg, etter måltidet på føremiddagen. Barnehagen har «vekas song» og «vekas regle», og det er plakatar på veggane der born og vaksne har skrive, teikna og fotografert aktivitetar i skogen og i fjøra. Det er teikne- og skrivesaker


i leikekroken og på teiknebordet, lappar og merkingar har både bilete og tekst. Dei samlar også nynorske songar og lagar eigne songkort.

Både Per og Alva har pedagogiske leiarar som sjølve har ein sterk nynorsk språkidentitet, og som seier at dei *ønskjer* å velje nynorske bøker og songar. Dei fortel også at alle informasjons-skriv dei sender ut til heimane, er på nynorsk. Samanliknar vi dei to praksisane, ser vi likevel at Per får ta del i langt fleire leseøktar enn Alva, og han møter også eit rikare tekstmiljø i barnehagen. Det er stort sett personlege preferansar, rammeplanen og temaet i barnehagen sin årsplan som spelar inn på kva val dei vaksne tek når dei skal leggje til rette for høgtlesing, song og andre skriftspråkstimulerande aktivitetar. Og når rammeplanen ikkje tematiserer målform, er det opp til den vaksne og til barnehagen å tenkje ut dette sjølve. Dette kan føre til store ulikskapar når det gjeld den tidlege språklæringa. Det er derfor behov for å styrkje dei språklege rettane til dei yngste nynorskbrukarane, men som dømet med Per viser, er det mogleg å leggje til rette for variert nynorsk språkstimulering allereie no. ■

FORSKINGS DAGANE VED HØGSKULEN I VOLDA: Korleis skal ungane lære seg nynorsk, når dei pedagogiske programma har menyar og skriftleg innhald på bokmål, tilrettelagde for bokmålsbrukarar?

Nynorsk digital oppvekst

TEKST: Hjalmar Eiksund ILLUSTRASJON: Are Edvardsen



– **BRUK FORBRUKARMAKTA** som ligg i kommunalt samarbeid, oppfordrar direktøren for Språkrådet, Åse Wetås. Det er gjennom lovnader om store salstal at programutviklarar ser at nynorske versjonar er noko å satse på. Åleine står ein svakare.

For nynorskbrukarar er det ei kjend sak: dei raude linjene under ord skrivne på nynorsk når stovekontrollen er aktivert på datamaskinen. Mange vaksne skrivarar vel å skru av stovekontrollen og lærer å lite på eigne stoveferdigheter, men for elevar som står midt i skriveopplæringa, er ikkje det like enkelt. Det som er meint å vere eit digitalt hjelpemiddel, kan i staden føre til språkleg forvirring. Elevane blir sitjande att med ei oppfatning av at vanlege nynorske ord og seiemåtar er feil.

Tilgjengeleg, men uoppnåeleg?

Det er fullt mogleg å få retteprogram på nynorsk. Det finst også pedagogiske program som tar omsyn til at elevane har nynorsk som opplæringsmål. Men då må dei som kjøper inn programma, vere medvitne i val av tilbydar.

Fleire nynorskkommunar vel bort nynorske alternativ av økonomiske årsaker. I valet mellom billegge datamaskiner og dyr programvare blir nynorsk fort eit fordyrande element for slunkne

Det er skuleeigaren sitt ansvar å sørge for programvare på hovudmålforma til elevane.

kommunekasser. Spør ein om nynorske alternativ, blir gjerne tilbakemeldinga frå programvareprodusentane at marknaden er for liten og ulønnsam.

Dette blir fort ein vond sirkel. Det er skuleeigaren sitt ansvar å sørge for programvare på hovudmålforma til elevane. Viss skuleeigaren prioriterer økonomi framfor skriftspråk, ser ikkje produsentane at det er noko behov, og tar seg heller ikkje råd til å tilby nye program på nynorsk.

Paneldebatt

I samband med forskingsdagane ved Høgskulen i Volda var det lagt opp til panelsamtale om nynorsk digital programvare. Arrangementet var eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Volda mållag, Nynorsk kultursentrum og det nynorske digitale oppslagsverket Allkunne.

Guidrun Kløve Juuhl (Høgskulen i Volda) peika på paradokset ved at nynorsk kommunar kjøper programvare på bokmål, og meinte dette undergrev arbeidet med å krevje nynorske alternativ til populære pedagogiske program.

Dette kunne representantar frå dei lokale kommunane stadfeste, men viste til at det ikkje er vond vilje som ligg bak dei vala som blir gjort. Ifølgje Per Ivar Kongsvik (Volda kommune) finst mange av programma på marknaden berre på bokmål, og opplevinga er at ein som skuleeigar

må velje mellom populære og billege program på bokmål og dyre nynorske alternativ.

Problemet ligg også i at mange av dei vanlegaste programma ikkje er produserte i Noreg, men av store internasjonale konsern, utan norsk utviklingsstøtte. Det er truleg ikkje mon i at enkeltkommunar utfordrar internasjonale konsern når det gjeld nynorsk.

Hjelp på veg?

Wetås meiner at sjølv om vala er smertelege, er det viktig å prioritere nynorske alternativ der dei finst. Ho argumenterte for at nynorsk kommunar må stå samla i innkjøpet av programvare. Her må det større einingar til. Framleis synest likevel mykje å vere usikkert. Det er uvisst kva plikter kommunane har når det gjeld å gi tilbod om digitale hjelpemiddel på nynorsk til elevar med nynorsk som opplæringsmål.

Det er mange aktørar inne i bildet. Læremiddelprodusentane er viktige, men også elevar, studentar, kommunar og stat har viktige roller i korleis tilbodet av nynorsk programvare utviklar seg framover. Det trengst ein nasjonal aktør som tar ansvar for digitale ressursar på nynorsk. Det kan vere hjelp på veg. Wetås viste til at det no skal stillast krav om parallelle utgåver på nynorsk og bokmål ved tildeling av utviklingsmidlar frå Ut-

danningsdirektoratet. Dermed er det opp til tilbydar og innkjøpsansvarlege å passe på at desse forskriftene blir følgde opp. ■

Fakta

- For elevar er det viktig å sjå hovudmålforma si på nettbretta og PC-ane dei bruker til skulearbeidet.
- I Google og Apple er tilbodet om nynorsk svært avgrensa.
- Det går an å velje nynorsk retteprogram i Google Docs, men ordboka er langt ifrå så omfattande som den i Microsoft Word.
- Det går også an å velje nynorsk for somme av funksjonane på Apple iPad, men svært få av programma er tilrettelagde for nynorsk.
- I dag går det an å velje nynorsk installasjon av Microsoft-produkt som Word og Windows. For mange IT-ansvarlege er desse alternativa likevel ukjende. Viss ikkje språkvalet er spesifisert ved bestillinga, blir dei fleste skulemaskinar leverte med førehandsinnstilling på bokmål.

Fagboktips



KRISTIN ØRJASÆTER er direktør for Norsk barnebokinstitutt og har skrive boka *Barne- og ungdomslitteratur. Møtet med lesaren* (2018). Boka har seks kapittel og handlar både om skjønnlitteratur og faglitteratur. Ørjasæter skriv at det er to ting som skil barne- og ungdomslitteratur frå vaksenlitteraturen: Hovudpersonen er eit barn som er sjølvstendig og handlekraftig, og forteljaren har barnet sitt perspektiv.

Boka passar for alle interesserte, sjølv om ho er meint for studentar i grunnskolelærarutdanning, barnehagelærarutdanning og bibliotekarutdanning.

Teikneserietips



Øystein Runde
Berserk

Gyldendal
2018

I 2009 kom Øystein Runde med teikneserien *Soga om Olav Sleggja*, og etter ni års venting kjem no endeleg bok to i serien. Denne gongen byrjar soga med at Olav Sleggja går i land, hardt skadd, med eit spedbarn på skuldrene og med tarmane

halvvegs hengande ut frå eit ope sår i magen. «Denne dagen vert lang. Eller kort», slår han fast på lakonisk vis. Deretter vandrar han rett inn i ein konflikt mellom tre ulike gjengar av berserkar, ein konflikt som kjem til å få eit blodig utfall.

På same vis som i *Soga om Olav Sleggja* kan *Berserk* by på ein fin kombinasjon av ekstremvald, poesi, skandinavisk soge, norrøn mytologi og referansar til alt frå japansk manga til norske barnebøker. Og boka gjev oss lesarar eit rikt råmateriale til å filosofera over ting som religion, vitenskap, menneskeverd og andre store spørsmål. Men mest av alt er det her ei drivande god og spanande forteljing, breiddfull av slagkraftige replikkar.

Biletboktips



Kari Stai
**Jakob og Neikob
og Alle Andre**

Samlaget
2018

I **DEN FEMTE FORTELJINGA** om bestevenene Jakob og Neikob får vi møte Masekob, som meiner at Neikob bør bli som Alle Andre. Så får vi bli med på leitinga etter Alle Andre på bussen, i havet og i verdsrommet. Akkurat når dei nesten har gitt opp leitinga, finn dei han. Og dei finn ei

klonemaskin. Korleis går det med Neikob no, skal tru? Går det an å bli så lik Alle Andre at ein misser seg sjølv? Masekob og Jakob må hjelpe Neikob.

Som i dei andre fire bøkene om Jakob og Neikob har også denne boka mange lag og kan lesast på mange nivå. Illustrasjonane er detaljrike og likevel rolege, og teksten og bileta utfyller kvarandre til fulle. Biletbøkene om Jakob og Neikob er ikkje berre for dei minste, men har tema som også er aktuelle for skuleborn og som gir noko til den vaksne lesaren.

Jakob og Neikob og Alle Andre er ei klok og varm bok om å vere seg sjølv, og om verdien av kvart einskilt menneske. Alle har noko å lære av kvarandre, og det beste er når Neikob får vere heilt seg sjølv.



NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

LÆRAREN GJEV
MATTELEKSA TIL ELEVANE.



LÆRAREN GJER
MATTELEKSA TIL ELEVANE.



GJEV VS. GJER

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform. På www.nynorsksenteret.no kan du tinga gratis klassesett.